

Landbrukskontora i kommunane

Vår dato: 23.03.2017
Vår referanse: 17/21108- 2
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2017

Den årlege jordleigeundersøkinga startar nå, og vi håpar på like god oppslutning som tidlegare.

Resultata frå undersøkinga vert som tidlegare brukt til ulike formål her i landet, men nå vil jordleigeprisane også bli rapportert til internasjonale statistikkorgan. For at kvaliteten på desse tala skal bli best mogeleg, er det nødvendig at de som rapporterer tal, gjev dei beste opplysningar som de kan.

Vi ønskjer at de rapporterer inn dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. Landbruksdirektoratet har informasjon om at det i enkelte områder vert betalt godt over kr 2000,- per dekar for spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane som vert oppgitt. Dersom det vert leigd vederlagsfritt gjev de opp kr 0. Er det spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, ønskjer vi at de skriv ein kort kommentar til dette.

Skjema kan fyllast ut elektronisk. Skjemaet finn de på vår heimeside www.landbruksdirektoratet.no eller ved å klikke på følgjande lenke: [Jordleigeprisar 2017](#)

For meir rettleiing om utfylling – sjå skjema.

Vi ber om at de fyller ut skjemaet og sender til oss **innan onsdag 5. april 2017**. Resultata frå undersøkinga vil bli lagt ut på heimesida vår så snart dei er klare.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Lasse Erdal
seksjonssjef

Anita L. Nordhaug
fyrstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.